

Innkalling til møte i Moster sokneråd tysdag 21.02.2023

Innkalla: Rune Sivertsen, Gunnvald Bjotveit, Per Harald Gjerde, Marta Fauskanger Ekberg, Camilla Rubach, Elin Taranger, Heidi Torkelsen Fagervik og Aksel Lygre

Andakt: Camilla

Enkel servering: Rune

Sak 08 – 2023 Godkjenning av møtebok frå 23.01.23 og innkalling.

Saker til ymse meldast her.

Sak 09 – 2023 Oppfylging av tidlegare saker.

*** Sal av teknisk utstyr.** Halfdan Endresen har ansvar for sal.

***Kort evaluering av dugnadskonsert 29.januar**

***Kurs for nye medarbeidarar på lyd og bilete. Evaluering. Vidare oppfylging?**

***Dugnad i april: Dato og innhald.**

***Søknad om støtte til 150-årsjubileet frå SR-bank:**

Marta og Elin tek ansvaret saman. Søknadsfrist 15.mars.

***Soknerådsva 2023.** Kvar står saka? Kurs for valstyre 31.januar kl.17-21 på Stord hotell.

Tidsfristar framover og rapport frå valnemnda.

Sak 10 – 2023 Årsmøte og årsmelding.

Årsmøte vert 16.mars etter kort undervising på temakveld. Årsmelding med rekneskap vert korrekturlese i møtet i dag. Neste soknerådsmøte er etter årsmøte. Me må difor planleggja alt praktisk omkring årsmøtet på dagens møte.

Forslag til vedtak: Rune leier årsmøtet etter temakvelden. Me bestemmer referent og finn to til å underskriva referat frå årsmøtet. Elin presenterer årsrekneskap for 2022 og budsjett for 2023. Tema for samtale vert auka engasjement og oppmøte i gudstenesta. Utlysing i avisa seinast 1.mars. Kunngjering av årsmøtet i gudstenestene 19.februar og 5.mars, på facebook og heimesida. Me fordeler det praktiske slik:

Sak 11 – 2023 Økonomisk kvartalsrapport 4.kvartal og årsrekneskap 2022

Vedtak:

Sak 12 – 2023 Oppfylging av samling med medarbeidarar 23.januar

Me viser til referat frå denne samlinga, og grip fatt i forslaga.

Forslag til vedtak: Soknerådet ser det som naturleg at diakoninemnda hjelper diakonen å peika ut kontaktperson for å finna besøksvenner. går gjennom barnekroken og føreslår type bord og andre endringar. Tre bøylemikrofonar vert skaffa frå inntekt av sal av gammalt teknisk utstyr. Behovsliste er sendt noverande kyrkjevevje også. Aksel har kjøpt 6 ullpledd. Kyrkjevertane vert instruerte om å oppmoda folk om å setja seg lenger fram i kyrkja. Soknerådet ser det ikkje som realistisk å arbeida for kyrkjelydshus utanom kyrkja, og meiner søndagsskule må finna stad i kyrkja.

Sak 13 – 2023 Datoar til å invitara komitéar/utval til soknerådsmøte?

Estlandskomiteen har bede om å verta kalla inn til møte. Kva andre utval står for tur?

Forslag til vedtak: Soknerådet kallar inn kyrkjemusikalsk utval 21.mars og representantar for Estlandskomiteen 18.april

Sak 14 – 2023 Støtte til trusopplæring, tur til London.

Einingsleiar Liv Merete Fylkesnes Pedersen har sendt søknad til dei fire sokneråda.

Vedtak:

Sak 15 – 2023 Konfirmantfest

Soknerådet må stilla med/skaffa fire personar. Nokon må arrangera, leia og underhalda.

Vedtak:

Sak 16 – 2023 KN-aksjonen 2023

Orientering ved ansvarleg. Fordeling av ansvar.

Vedtak:

Sak 17 – 2023 Referat og meldingar

Orgelkomiteen

Trusopplæringsutvalet

Kyrkjemusikalsk utval

Diakoniutvalet

Jubileumsbok-komiteen

Estlandskomiteen

Felleskristen komite 1000-årsmarkering kristenretten

Frå fellesråd og administrasjon.

Meldingar ved soknerådsleiar, sokneprest eller andre.

Sak 18 – 2023 Ymse

Vedtak: